



COWI AS  
Postboks 6412 Etterstad  
0605 OSLO  
Att.Jenny L.H. Skjellnes

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Astrid Buset, 71 25 85 41

## Gjemnes kommune - detaljregulering for E39 Bjerkeset - Astad - fråsegn til oppstart av planarbeid

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Forslag til planprogram med konsekvensutgreiing ved detaljregulering av E39 Bjerkeset – Astad i Gjemnes kommune er sendt på høyring.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny europaveg forbi Batnfjordsøra. Ny veg skal gje betre framkome på E39, og vil bidra til ein utvida bu- og arbeidsmarknadsregion langs heile E39.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

### Planprogram og konsekvensutgreiing

Forslag til planprogram med silingsrapport ser frå vår vurdering generelt ut til å vere eit grundig og solid forarbeid som vil vere eit godt grunnlag for vidare planprosess. Planprogrammet er oversiktleg og gjer godt greie for føremål og effektmål.

Rammebetingingane går fram av kapittel 2. Opplistinga vektlegg nasjonale samferdselspolitiske mål, men manglar tilvising til andre statlege planretningslinjer og vedtekne nasjonale mål for jordvern, klima og miljø.

Eitt effektmål er å auke pendlingsomlandet med maksimalt 45 minutt til by for 10 000 innbyggjarar. I følgje planprogrammet vil omlegging av E39 forbi Batnfjordsøra gje 1,5 minutt redusert reisetid. Vi saknar ei kopling av dette effektmålet opp mot andre nasjonale samfunnsinteresser som planarbeidet får konsekvensar for. Det må særleg gjerast greie for motstrid/målkonfliktar knytt til

klimamål og [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging](#) (SPR BATP).

På bakgrunn av silingsrapporten skal alternativa G4, G6, G10/G11 greiast ut. I tillegg har kommunestyret i Gjemnes vedteke utgreiing av alternativ G3 med tunnel forbi Solsida. Silingsrapporten vektar ulike ikkje-prisette tema i samanstilling, der ein ut frå større og mindre verknadar samla kjem fram til ei prioritering av ulike utgreiingsalternativ.

Alle utgreiingstema vil ikkje vege like tungt i ulike delområde, og dei bør difor ikkje i same grad telle likt i eit «reknestykke» ved samla vurdering av verknadar. Vi ber om at samla vurdering forklarast godt når ein kjem til konsekvensutgreiing, der ein gjer greie for korleis dei ulike tema er vektlagt i forhold til kvarandre.

Samla belastning for økosystem skal i konsekvensutgreiinga vurderast i samanheng og inkludere både belastning av tiltaket, andre tiltak og andre påverknadsfaktorar som økosystemet er utsett for. Vurderinga skal omfatte tiltak/faktorar som har skjedd, som skjer samtidig og som kjem til å skje i framtida. Ein skal sjå på situasjonen for økosystemet, naturtypen eller arten på kommunenivå, fylkesnivå og nasjonalt, jamfør forvaltningsmåla for artar, naturtypar og økosystem i naturmangfaldlova (NML) §§ 4 og 5, og NML § 15.

Anleggsperioden vil innebere både varige og mellombelse verknadar for ikkje-prisette tema. Konsekvensutgreiinga skal inkludere verknadar i anleggsfasen og avbøtande tiltak.

Ny trasè for E39 vil heilt klart utfordre nasjonale mål knytt til ei rekkje ikkje-prisette tema. Ut frå landbruksinteressene og omsynet til andre ikkje-prisette konsekvensar ber vi om at ein og greier ut alle alternativ også med tunell. Det må òg greiast ut eit «0+»-alternativ med utbetring av veg, miljø- og trafikktryggingstiltak langs dagens E39 gjennom Batnfjordsøra til Bjerkeset.

### **Vassmiljø**

Det er eit nasjonalt miljømål å ha god tilstand i økosystema, stanse tapet av biologisk mangfald og rette opp skadde økosystem, mellom anna i ferskvatn. Det er ikkje lengre nasjonal politikk å lukke bekkar og vassdrag. I staden vert det brukt betydeleg med offentlege midlar til å restaurere og gjenopne gamle bekkelukkingar.


Det er ei nasjonal forventning om at kommunane vurderer arealbruken langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tek særlege omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023*.

Gjennom arbeidet med vassforvaltning er det fastsett miljømål for alle vassførekomstar. Kommunane skal i utgangspunktet ikkje planlegge noko som gjer at miljømåla ikkje kan bli nådd, jf. vassforskrifta § 4.

Vatn er livsmiljø for ei lang rekkje levande organismar, frå plantar og insekt til fugl, fisk og pattedyr. Kantvegetasjon, elvebreidder og flaummark har stor betydning for økosystemet i og langs vassdraget, og kan dessutan bidra til å redusere erosjon og dempe flaum. Opne bekkar er viktig både for naturmangfald, som landskapselement og som naturleg reinsesystem. Livsmiljøa i vassdraga er ofte sårbare for endringar som følgje av inngrep.

Batnfjordselva renn sentralt gjennom planområdet. Vassdraget er lakse- og sjøauførande og vi er kjent med at det også går ål opp elva. Ål er raudlista som sterkt trua (EN). Vassdraget har mange sideelver med ulik grad av inngrep, kanalisering og lukking, men fleire er viktige for sjøaufe.

Sjøaufebekkar i vassdraget er kartlagt i samband med planlegging av [gyro-behandlinga](#) av elva i 2022.



Kartlagte sjøaufebekkar (kjelde: GisLink)

Vassdraget skal gyro-behandlast på nytt i august 2023. Målet er å fjerne parasitten og reetablere og bevare ein frisk laksebestand etter behandlinga.

I arbeidet må det takast omsyn til elveøkosystemet, og berre gjere så små inngrep i elvebotnen og kantvegetasjonen som er praktisk å gjennomføre. Nye tiltak må ikkje medføre fjerning av naturleg kantsvegetasjon, nedslamming av botnsubstrat og nye vandringshinder. I staden må ein planlegge for løysingar som betrar habitatet og vandringsmogelegheitene for fisk i sidebekkane.

Det kan oppstå store utfordringar med utvasking og erosjon av lausmassar til vassdrag i samband med bygging av nye vegprosjekt. Dette kan medføre vesentleg skade på gytebekkane og oppvekstvilkåra for sjøaufe og laks nedstrøms. Ein må difor ha kontroll på lausmassane både i anleggsperioden og når vegen er ferdig.

Vassmiljø må konsekvensutgreiast som eige tema etter vassforskrifta. Det må utarbeidast ei eiga sårbarheitsvurdering for kvar av sidebekkane og hovudelva som grunnlag for å greie ut konsekvensar av avrenning til vassdrag for vassmiljø og biologisk mangfald.

Det er behov for elveøkologisk kartlegging av strekninga av elva som blir berørt, samt i eventuelt influensområde lenger ned i vassdraget. Tiltak for å sikre god økologisk tilstand må planleggast etter tiltakshandbok for betre vassmiljø. Kompetanse på fiskepassasjar må trekkast inn i arbeidet. Om planforslaget bidrar til at miljømåla ikkje nås må det vurderast om kriteria for å gjere unntak frå miljømåla er til stade, jamfør vassforskrifta § 12.

Vi varslar at vi vil vurdere å fremje motsegn om planforslaget kjem i konflikt med godkjent regional vassforvaltningsplan eller krava i vassforskrifta § 12 for å tillate ny aktivitet og nye inngrep i strid med miljømåla jamfør *rundskriv T-2/16 punkt 3.7*.

Vi minner også om vassressurslova § 11 som stadfester at det skal oppretthaldast kantvegetasjon langs vassdrag med årssikker vassføring. Vi ber om at kantvegetasjon sikrast i plankart og med tilhøyrande føresegner.

### **Naturmangfald**

Det er eit nasjonalt mål at ingen artar og naturtypar skal utryddast, og at utviklinga til truga og nær truga naturtypar skal betrast. Naturtypar skal ivaretakast innafor deira naturlege utbreiingsområde og med det arts mangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den enkelte naturtype, jamfør naturmangfaldlova § 4.

Regjeringa forventar at kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdier, kulturmiljø og landskap i planlegginga.

### Naturtypar

Det er gjennomført naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks (NiN) i 2022. Resultata frå kartlegginga er per dato ikkje kvalitetssikra og ikkje offentleg tilgjengeleg i Naturbase. Vi ber om at det vert utarbeidd eit feltnotat som gjer greie for kartlegginga; metode, kartlagte naturtypar og resultat. Det må gjerast greie for korleis ein har vurdert allereie kartlagte myrområde etter DN-håndbok 13 innafor planområdet og kvifor desse lokalitetane ikkje har oppfylt kriteria for å bli kartlagt og figurert ut som naturtype etter kartleggingsinstruksen. Dette gjeld konkret oseanisk nedbørsmyr ved Stangarvatnet (BN00001862) og kystmyr vest for Fursetsetra (BN00045881).

### Artar

Kantsonene langs vassdraga kan vere levestad for trua artar. Det må gjerast ei kartlegging av raudlista artar her. Vi særskilt peike på at Stangarvatnet er hekkeområde for våtmarksfugl. Det er òg to trekkruiter for hjort som kryssar dalføret under sesongtrekket haust/vår. Økologiske funksjonsområde for artar må definerast, kartfestast og verdisettast; trekkruiter, spelplassar og hekkeplassar, gyteområde i vassdrag, amfibiedammar, etc.

### Framande artar

Det må ikkje tilførast eller handterast masser på ein slik måte at det er fare for spreieing av framande artar oppført i Fremmedartslista 2018 (Artsdatabanken) til naturen. Vi er kjent med at det veks framande, skadelege planteartar langs Batnfjordselva og enkelte sideelver. Dette utgjer ei stor risiko for vidare spreieing i naturen og skade på stadeige naturmangfald. Ein må skaffe seg oversyn over framande, skadelege artar innafor heile tiltaksområder, og førekomstar må handterast forsvarleg slik at dei ikkje vert spreidde vidare ved handtering av masser.

### Tiltakshierarkiet - kompensasjon

Det kan bli aktuelt å vurdere økologisk kompensasjon i vegprosjektet dersom ein ikkje kjem fram til tilfredsstillande løysingar gjennom dei føregåande trinna i tiltakshierarkiet (unngå, avgrense, sette i stand). Kompensasjon er likevel siste utveg og vi føreset at det i planprosessen bli lagt stor vekt på å finne gode miljøløysingar. Konsekvensutgreiinga skal gi eit godt grunnlag for å vurdere kor store og kritiske miljøkonsekvensane er for dei ulik alternativa. Vi ønskjer vidare å presisere at Statsforvaltaren framover vil ha ei tydeleg forventning om forpliktande realisering av tiltak i planar der verkemiddelet kompensasjon bli aktualisert.

### **Friluftsliv**

Dei nasjonale måla for friluftslivspolitikken er å vareta og utvikle friluftslivet sin posisjon vidare ved å ta vare på allemannsretten, verne om og legge til rette viktige friluftslivsområde og stimulere til auka friluftslivsaktivitet for alle. Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.

Vi er nøgde med foreslått utgreiingsprogram for tema friluftsliv. Vi vil likevel peike på behovet for supplerande kartlegging etter Miljødirektoratet sin [Veileder M98-2013 Kartlegge og verdsette friluftslivsområder](#) frå Furset til sentrum av Batnfjordsøra. Turparkeringar må vurderast. Stille område i h.h.t. støyretningslinje T-1442/2021 må kartfestast.

Viktige område for friluftslivsaktivitet og bruken er til dels godt kjent og tilgjengeleg i kart (GisLink og Naturbase), særleg for utfartsområda på Fursetfjellet. Fursetfjellet er eit svært viktig friluftslivsområde heile året, men særleg vinterstid. Parkeringsplassen som er statleg sikra til friluftsføremål, er utgangspunkt for langrenn og toppturar. Stangarvatnet blir brukt til skøyting. Ved utbetring av vegen må det leggest til rette for at friluftsfolket får trygg kryssing av E39.

Ny E39 vil krysse gjennom elvestien langs Batnfjordselva. Dette vil kunne redusere verdien av turstien og minske attraktiviteten og bruken. Planen må finne løysingar for å unngå biltrafikkstøy og negative inngrep i turstien.

### **Landbruk**

Statsforvaltaren vil innleiingsvis minne om den nasjonale jordvernstrategien som vart vedteken av Stortinget 8. desember 2015. Denne har no fastsett eit mål om at årleg omdisponering av dyrka jord i Noreg skal vere under 3000 daa. Stortinget har bedd regjeringa om at målet vert nådd gradvis innan 2025. Jordvern må difor vere eit viktig omsyn i all arealforvaltning.

Alle dei fire alternativa som er anbefalt for bygging av E39 Astad-Bjerkeset inneber omdisponering av mellom 46 og 94 daa dyrka mark. Dette er eit stort inngrep ved at det fører til tap av produksjonsareal. Det fører og til at drifta til kvar einskild matprodusent som vert råka av inngrepet vert mindre rasjonell, mellom anna ved at ny veg deler opp jordbruksareal i mindre teigar. I heile Møre og Romsdal blei det omdisponert 144 daa dyrka mark i 2021. Vegtiltaket utgjir aleine mellom 1/3 og 2/3 av den totale omdisponeringa for 2021. For 2023 har fylkeskommunen foreslått eit jordvern mål for fylket på 100 daa totalt.

Når det gjeld forslag til planprogram med konsekvensutgreiing er vi godt nøgd med dei utgreiingstema i punkt 6.3.2 som gjeld landbruk. I tillegg jordsmonn kartlegging og utarbeiding av matjordplan der avbøtande tiltak inngår, er det sær viktig å sikre tilkomst til jordbruksareal som vert oppdelt slik at jordbruksareal ikkje vert gjort utilgjengeleg for drift.

Av dei 4 alternativa som er anbefalt i silingsrapporten er det berre G3/G4 som har tunnel. Desse alternativa legg beslag på om lag 46 daa jordbruksareal. Av omsyn til landbruksinteressene bør òg G6 og G10/G11 utgreiast med tunnelalternativ og takast inn i planprogrammet. Det ser ut til at både G6 og G10/11 i kombinasjon med tunnel som vist i G3/G4 kan redusere tap av jordbruksareal.

Vi vil allereie no signalisere motsegn ei plan som ikkje har utgreidd tunnelalternativ for alle dei anbefalte alternativa, og til ei plan som etter vårt syn ikkje tek omsyn til landbruksinteressene i tilstrekkeleg grad.

## Klima

Norge har eit lovfesta mål om å bli lågutsleppssamfunn innan 2050. Utsleppet av klimagassar i Noreg må ned om vi skal nå dei internasjonale og nasjonale måla som er definerte i Parisavtalen og klimalova. Vi kan avgrense klimaendringane ved å redusere klimagassutslepp og gjennom å auke opptak og binding av karbon. [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) slår fast at det skal takast omsyn til klima i overordna planlegging og myndigheitsutøving. Statsforvaltaren føreset at det blir utarbeidd klimabudsjett for dei ulike traséalternativa. Budsjettet må leggest fram i ei form som synleggjer ulikheit mellom alternativa.

Økosystem har betydning for samfunnet si evne til å tilpasse seg eit klima i endring. Ein må derfor ha kunnskap i planlegginga om økosystema og korleis økosystema kan bidra til å dempe effektane av klimaendringane. Myr og skog er særleg viktige arealtypar når det gjeld CO<sup>2</sup> fangst og binding. Nedbygging eller anna omdisponering av slike område som inneheld store karbonlager, vil medføre auke i klimagassutslepp og redusere potensielt framtidig opptak og bør difor unngåast. For å kunne berekne klimagassutslepp frå nedbygging av karbonrike areal og som grunnlag for eventuelle kompensierende tiltak, må myr i vegtraseen kartleggast med myrdjupne. Krav om kompensierende tiltak kan bli aktuelt.

Vi minner om at NTP har ei overordna målsetting om eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem. Dette skal mellom anna skje ved å utvikle ein transportsektor som hjelper til med å nå Noreg sine klima- og miljømål ved å (utdrag frå delmål 1.3.4 i NTP):

- *søke å redusere det samlede arealbeslaget i samferdselsprosjekter gjennom gjenbruk og optimalisering, og ved å ta hensyn til de mest karbonrike arealene*
- *bidra til å oppnå eller opprettholde god tilstand i økosystemene, spesielt den sammenhengende blågrønne infrastrukturen, og ta hensyn til naturmangfold og vannmiljø ved planlegging, utbygging, drift og vedlikehold av infrastrukturen og skjøtsel av egne eiendommer*
- *ikke planlegge samferdselsprosjekter gjennom verneområder og så langt mulig unngå kryssing av og inngrep i vernede vassdrag. Områder med nasjonale naturverdier bør ikke ødelegges slik at naturverdiene reduseres*
- *legge tiltakshierarkiet til grunn, slik at det sikres at skade så langt som mulig unngås før avbøtende tiltak, restaureringstiltak eller økologisk kompensasjon vurderes*

[Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging](#) har mellom anna som mål, at utbyggingsmønster og transportsystem vert samordna for å oppnå effektive løysingar, og slik at transportbehovet kan avgrensast og at det vert lagt til rette for klima- og miljøvenlege transportformer. Det må greiast ut om behovet for auka transportkapasitet, jamfør effektmål om større bu- og arbeidsmarknadsregion, kan dekkast gjennom eit effektivt kollektivtilbod.

### Massehandsaming

Vegprosjektet vil generere store mengder masse. Vi minner om at overskotsmasser er eit avfall som oppstår som direkte resultat og ein konsekvens av kva løysingar som blir valt i planforslaget. Det er difor viktig at konsekvensane av planforslaget er tilstrekkeleg utgreidd og at det i planen blir avklart korleis overskotsmassar planleggast handsama. Betre forvaltning av overskotsmassar vil bidra til å redusere konflikthar knytt til deponering i område med vesentleg negativ verknad for miljø- og samfunnsinteresser.

### Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunnleggjast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein [rettleiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

### Støy

Støytilhøva må avklarast. Det må utarbeidast ei støyfagleg utgreiing der støynivå vert talfesta i tabell/punkt i kart for representative høgder. Støytiltak som går fram av støyutgreiinga skal innarbeidast i plankart og føresegner.

### Born og unge

Born og unge har rett til eit oppvekstmiljø som gir tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om born og unge sine behov, jf. [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#). Kommunane skal legge retningslinja til grunn i sakshandsaminga, og gir statleg mynde grunnlag for å fremje motsegn til planar i strid med retningslinjene.

Dei rikspolitiske retningslinjene stiller krav til den kommunale planprosessen, og skal mellom anna:

- sikre at konsekvensane av eit planforslag for born og unge er tilstrekkeleg belyst (punkt 4 a),
- sikre at born og unge får medverke i planprosessar (punkt 4 d),
- sikre areal i nærmiljøet der born kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø (punkt 5 a),

- hindre at leikeareal vert sett på, og omdisponert til utbyggingsføremaal (punkt 5 d).

Temarettleiaren [Barn og unge i plan og byggesak](#) frå Kommunal- og distriktsdepartementet og rundskriv [T-2/08 Om barn og planlegging](#), gir rammer for planarbeidet på dette området.

Punkt 5 i retningslinjene stiller krav til fysisk utforming av areal og anlegg som skal nyttast av born og unge. I den vidare planprosessen vil vi følgje opp om det blir gjort greie for verknadane planforslaget har på barn og unge. Vi vil også følgje opp om areal, inklusive snarvegar, som vert nytta av born og unge i fritida og i skule/barnehage er tatt vare på. Viktige målpunkt og område som vert nytta må kartleggast og trygg tilkomst til desse områda må sikrast i planlegginga. Vi føreset at det vert lagt til rette for aktiv medverknad, der ein til dømes kan nytte kartleggingsverktøyet Barnetråkk.

### Konklusjon

Ny trasè for E39 vil utfordre nasjonale mål knytt til ei rekkje ikkje-prisette tema. Vi ber om at vassdragsnatur og landbruk får eit særleg fokus i konsekvensutgreiinga. Alle vegalternativ må også greiast ut med tunell og det må greiast ut eit «0+»-alternativ med utbetring av veg, miljø- og trafikktryggingstiltak langs dagens E39 gjennom Batnfjordsøra til Bjerkeset.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)  
ass. miljøverndirektør

Astrid Buset  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### Fagsaksbehandlar

Landbruk: Gunvor Fossholt Ytterstad, 71 25 84 06  
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf. 71 25 84 89

Kopi til:

|   |                                   |      |               |
|---|-----------------------------------|------|---------------|
| STATENS VEGVESEN  | Postboks 1010 Nordre<br>Ål        | 2605 | LILLEHAMMER   |
| NORGES VASSDRAGS- OG<br>ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST<br>MATTILSYNET | Naustdalsvegen 1B                 | 6800 | FØRDE         |
| MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE<br>GJEMNES KOMMUNE                          | Felles postmottak<br>Postboks 383 | 2381 | BRUMUNDDAL    |
|   | Postboks 2500                     | 6404 | MOLDE         |
|   | Nordmørsvegen 24                  | 6631 | BATNFJORDSØRA |